



Vigleik Vabø
Fonnebostvegen 293
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1895 - 19/22238

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.07.2019

Møtereferat - dialogmøte reguleringsplan Fonnebost småbåthamn - gbnr 106/12 Fanebust

Tiltak	Dialogmøte Gbnr: 106/12
Tiltakshavar	Vigleik Vabø
Møtestad	Rådhuset
Møtedato	11.07.2019, kl.10.00, Rådhuset i Knarvik
Til stades i møtet frå kunde og kommune	Frå tiltakshavar: Vigleik Vabø Frå kommunen: Eilin H. Molvik, rådgjevar byggesak Siril Therese Sylta, einingsleiar arealforvaltning

Søklar kom med følgjande orientering om tiltaket	«Vi trur og håpe kommunen også ønsker at godkjente reguleringsplaner vert realisert. Og da det for tida er særstregt boligmarked her ute, håpa vi på at vi kan fravike rekkefølgekrava på et par mindre tiltak ved sjøen. Konkret gjeld dette naust og bobilplasser, i området rundt småbåthavna. Må og få nevne at Fanebustsjøen framstår meir avfolka nå, enn i heile mi levetid. Dei fleste som bur her er eldre, og det gjeldt også dei som nå har fritidsbustad. Håpa på et positivt møte, der vi i fellesskap kan komme vidare.»
---	--

Plangrunnlag



Planstatus	<input type="checkbox"/> Kommuneplan <input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan <input type="checkbox"/> Omsynssoner <input type="checkbox"/> Uregulert <input type="checkbox"/> Lokale vedtekter	<input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid <input type="checkbox"/> Områderegulering <input type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod <input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan <input type="checkbox"/> Anna
Plannamn	Fonnebost småbåthamn gnr. 106 bnr. 12 mfl.	
Plan.id.:	1263-201205	
Krav til infrastruktur	Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan som gjer greie for vass- /avløpstilhøve og overvasshandsaming innanfor planområdet. Planen skal godkjennast av Lindås kommune før det vert gjeve rammeløyve for bustader eller campingfasilitetar. Jf. føresegna § 1.2.10.	
Rekkjefølgjekrav	Aktuelle rekkjefølgjekrav i plan: §1.3 Rekkjefølgjekrav 1.3.1 Følgjande tiltak må vera utført og ferdigstilt før det kan gis midlertidig bruksløyve / ferdigattest for småbåthamn, campingplass, naust og hytter. <ul style="list-style-type: none"> • Kjørveveg 2 (K-2) vert oppjustert til 4 meter inkl. skulder frå kai til siste utkjøring ved Kolåsvika. • Kjørveveg 1 (K-1) skal rustast opp med ny møteplass og vegutvidelse i sving mellom BF-1 og BK-5 som vist på plankartet. • P-plassar P1 og P2 må være ferdig opparbeidd. • Det skal setjast opp varselskilt knytt til gardsdrift / driving av dyr på vegen. Skilting må godkjennast av Statens vegvesen. 	

Slik vi har oppfatta førespurnaden så gjeld den ønskje om å fråvike rekkjefølgjekrav i § 1.3.1 i føresenga til reguleringsplanen, rekkjefølgjekrav knytt til vegutbetringar, parkering mv. før ein får bruksløyve/ferdigattest for småbåthamn, campingplass, naust og hytter.

Som vi opplyste om i innkallingsbrev så er det å vike frå rekkjefølgjekrav ikkje noko som administrasjonen vil tilrå som dispensasjonssøknad. Administrasjonen er av den oppfatning at det å fråvike rekkjefølgjekrav må gå som ei planendring.

Vi vil difor oppmode om at de tek kontakt med Planavdelinga for yttarlegare rettleiing knytt til mogleg endring av rekkjefølgjekrava i planen.

Dersom de likevel mot administrasjonen si tilrådning vel å søkje om dispensasjon frå rekkjefølgjekrava vil de måtte gjere greie for kva fasilitetar de planlegg å etablere td. bosstøpping, vatn- og avløpsløyving (jf. § 1.2.10 i føresegna).

Det vart i møtet drøfta kva ein eventuelt kan få til innan planområdet, slik planen og rekkjefølgjekrava er bygd opp så krev nye søknadspålegg til tiltak at rekkjefølgjekrava er innfridd.

Administrasjonen tilrår at ein får eit overslag på kva realisering av rekkefølgekrava vil koste, det ligg ikkje begrensingar i planen knytt til sal av tomter.

Det vert gjort merksam på at delingsløyve gjeve 14.09.17 har 3 års gyldighet. Eigedomane må vere etablerte før 14.09.20, dersom dei ikkje er det vil en måtte søkje på nytt. Det er ikkje rom i lova til å utvide gyldighet av eit løyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner revidert 11.03.2014
T_regplan_07.01.2014-A1-L

Kopi til:

Vigleik Vabø

Fonnebostvegen 5955
293

LINDÅS

Mottakarar:

Vigleik Vabø

Fonnebostvegen 5955
293

LINDÅS